



Lars Johan Myklebust har gjort bortimot underverker med laget. Her er han sjølv på veg mot målet i dag

**Då Ingebjørg Haugland (16) frå Uskedalen sette punktum for Rosendal med eit praktfullt langskot i går kveld fastsette ho ikkje berre sigeren over Odda til 5-2.**

**Ho sette også punktum for ein stor fotballdag for Rosendal og for ein fantastisk vårserie for damelaget.**



[Veteran Hege og rekrutt Ingebjørg frå Uskedalen](#)

Laget har vunne 8 strake sigrar og spela ein kamp uavgjort i serien.

På dei siste 4 dagane har dei spela 4 kampar og ein av dei, mot Nestsotra på laurdag, vann dei med 10-1. Dei har naturleg nok vunne vårserien og lagt eit solid grunnlag for det som skal skje til hausten.

Opptil 7 frå frå Uskedalen har vore med

i kampane, og det var til dømes tilfelle i går då Anita Simensen, Gøril Samland Eik, Reidun Musland, Anette Sandnes, Hege Lekva, Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland var innoom stuttare eller lengre tid.

Også Gøril teikna seg på scoringslista der vi ellers fann Ingunn Uglehus (2 mål) og Tina Skår.



Eirik Musland (Uskedalen) og Kjetil Helvik klar for angrep for Rosendal

Oddingane sitt mål nummer 2 var eit kapitel for seg ettersom dommar Svein Arild Kjærland frå Uskedalen dømte frispark etter at keeperen såvidt hadde vore utanfor 16-meteren med ballen i hendene. Det tykte fleire enn oss var ein hard dom.

Ellers tok det litt tid før Rosendal-maskinen kom skikkeleg igang. Det skal iein ikkje undrast over på bakgrunn av det harde kamp-programmet. Fraveret av målmaskinen Hildegunn Guddal kunne nokogså merkast. Men laget har gjort ein imponerande innsats og trenarane Magne Skår og Yngve Bryn fortener stor ros for jobben. Dei skal rosast spesielt for at dei har vore flinke til å plukka inn ungjenter med talent for fotball.

Ros fortener også spelande trenar Lars Johan Myklebust frå Uskedalen for innsatsen med herrelaget. Han har gjort bortimot underverker med laget, ikkje minst med omsyn til mental førebuing. I dag vart det 7-2 over Loddefjordlaget Vadmyra 2 og Lars Johan ordna sjølv 2 av måla. samstundes som han fungerte svært godt som ordregjevar og ballfordelar.

Også ein annan uskedeling teikna seg på scoringslista - det var Eirik Musland. Målscorarar ellers var Sindre Omvik, Sindre Iversen (2) og Yngve Enes. Trenar Myklebust avdekkjer noko av filosofien sin i siste programmet der han slår fast at 'vi har eit stort fokus på prestasjonar og mindre fokus på resultat. Vi trur at resultatata kjem dersom vi presterar godt'.

Det er nok heilt rett og gjeld også mykje anna enn fotball

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Damelaget sitt mål nummer 4 for Rosendal er eit faktum